



OSTERØY
KOMMUNE

MØTEBOK
Heradsstyret



Møtedato: 06.11.2025
Møtetid: 16:00 - -22:00
Møtestad: Lonevåg, rådhuset, Heradsstyresalen

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti
Lars Fjeldstad	Ordfører	SP
Alexander Thunestvedt	Varaordfører	AP
Ann Helen Solberg	Medlem	FRP
Turid Bjørndal Njåstad	Medlem	SP
Helge Valestrand Edvardsdal	Medlem	SP
Gerd Karin Njaastad	Medlem	SP
Johannes Haugland	Medlem	SP
Janne Daltveit Tveit	Medlem	SP
Frode Flesland	Medlem	SP
Herdis Helle	Medlem	AP
Ann Kristin Borge	Medlem	AP
Geir Olsen	Medlem	AP
Jarle Skeidsvoll	Medlem	KRF
Bjarte Hammer Aarland	Medlem	KRF
Kim Andre Hartveit	Medlem	FRP
Sigmund Arve Faugstad	Medlem	FRP
Ragnar J Tyssebotn	Medlem	FRP
Sebastian Andre Haugland	Medlem	H
Johannes O Borge	Medlem	H
Roald Waldemar Martinsen	Medlem	H
Renathe Tangen	Medlem	V
Roy Husebø	Medlem	INP
Trygve Tønnessen	Medlem	FRP

Faste medlemmer som ikkje møtte

Namn	Rolle	Parti
-------------	--------------	--------------

Aksel Mjøs	MEDL	H
Ruben Nielsen	MEDL	FRP
Kurt Ove Øksnes	MEDL	FRP
Synne Thunestvedt	MEDL	SV

Frammøtte varamedlemmer

Namn	Vara for	Parti
Ingunn Vedå		FRP
Tor Georg Hella		H

Følgjande frå administrasjonen møte:

Aleksander Bergli

Ekstra informasjon til møte:

Møtebok er publisert på kommunen si nettside og vert godkjent i neste møte.

Sakliste

Saksnr	Tittel	Unntak frå innsyn
PS 103/25	Godkjenning av innkalling og saksliste	
PS 104/25	Godkjenning av møtebok 16.10.2025	
RS 48/25	89/2 og 92/2 - Kopi - Vedtak - sakskostnader - Osterøy - tre saker om frådeling - Advokatfirmaet Kyrre	
RS 49/25	Beredskapsplan helse, omsorg og sosial - administrativ del	
RS 50/25	Politisk møteplan 2026	
PS 105/25	Økonomirapport 2.tertial 2025	
PS 106/25	1. gong handsaming detaljregulering planID 46302023003 - Haus Næringspark	
PS 107/25	Handsaming av tenesteavtale 12 mellom partane i Helsefellesskapet	
PS 108/25	Avtale om tilskot til allmennyttige tiltak på Osterøy	
PS 109/25	Andre saker/spørsmål	

Lars FjeldstadOrdfører

PS 103/25 Godkjenning av innkalling og saksliste

Handsaming i Heradsstyret - 06.11.2025 av sak 103/2025 Godkjenning av innkalling og saksliste:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vart godkjend.

Framlegg frå Renathe Tangen (V):

Sak PS 108 vart handsama som første sak.

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg og framlegget om å handsame sak PS 108 som første sak vart samrøystes vedtekne.

Vedtak i Heradsstyret - 06.11.2025 av sak 103/2025 Godkjenning av innkalling og saksliste:

Innkalling og saksliste vart godkjend.

Sak PS 108 vart handsama som første sak.

PS 104/25 Godkjenning av møtebok 16.10.2025

Handsaming i Heradsstyret - 06.11.2025 av sak 104/2025 Godkjenning av møtebok 16.10.2025:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Møtebok frå 16.10.2025 vert godkjend.

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Heradsstyret - 06.11.2025 av sak 104/2025 Godkjenning av møtebok 16.10.2025:

Møtebok frå 16.10.2025 vart godkjend.

RS 48/25 89/2 og 92/2 - Kopi - Vedtak - sakskostnader - Osterøy - tre saker om frådeling - Advokatfirmaet Kyrre

RS 49/25 Beredskapsplan helse, omsorg og sosial - administrativ del

RS 50/25 Politisk møteplan 2026

PS 105/25 Økonomirapport 2.tertial 2025

Handsaming i Heradsstyret - 06.11.2025 av sak 105/2025 Økonomirapport 2.tertial 2025:

Innstilling frå Formannskapet 29.10.2025

Økonomirapport pr. 2.tertial 2025 vert teken til vitande.

Felles tilleggsframlegg frå Herdis Helle (Ap), Geir Olsen (Ap) og Frp:

Bakgrunn

Tertialrapporten syner at budsjettet på nokre punkt ikkje har vore realistisk og at vi har budsjettert med for lågt overskot.

Sjølv om inntektene ligg over budsjett og at dei fleste sektorane har hatt god budsjettdisiplin, går vi mot eit driftsunderskot også i år.

Heradsstyret har likevel ikkje fått seg framlagt forslag til reviderte budsjett.

Situasjonen er alvorleg. Vi har eit udekkka meirforbruk frå i fjor og disposisjonsfondet er tomt.

For å unngå å kome i ein tilsvarende situasjon i neste budsjettår, når den økonomiske situasjonen blir enno strammare grunna dei enorme investeringane eit fleirtal i heradsstyret vil gjennomføre, må vi alt no ta grep for å redusere driftsutgiftene.

Fleire tiltak vil ikkje få verknad før eit godt stykke inn i neste budsjettår, fordi det tek tid å gjennomføre omstillingane.

Framlegg til vedtak:

1. Når heradsstyret får lagt fram tertialrapportane neste år, skal kommunedirektøren samstundes legge fram forslag til revidert budsjett.
2. Kommunedirektøren skal starte arbeidet med å gjennomføre fylgjande innsparingstiltak:

a) Avvikle frivilligsentralen. Arbeidet med utstyrssentralen/utstyrsbiblioteket skal søkast vidareført, eksempelvis ved hjelp av andre deler av kultursektoren/Smia. Kommunedirektøren skal undersøke om det er anna passende arbeid i kommunen å tilby tilsette som eventuelt blir overtalige.

b) I feriane skal det vere felles SFO på ein av dei kommunale skulane, om dette gjev innsparingar

c) Kutte to årsverk i kulturskulen. Heradsstyret er innforstått med at dette vil leie til mindre breidde i tilbodet og kan gå ut over kvaliteten på undervisninga. Kommunedirektøren skal undersøke om det er anna passende arbeid i kommunen å tilby tilsette som eventuelt blir overtalige, gjerne innan den ordinære skulen for å styrke kompetansen knytt til praktiske og estetiske fag, som det er varsla at skal få ein større plass der

d) Undersøke om talet på årsverk på Lonevåg skule kan reduserast med minst to, sidan elevtalet der går ned, samt opne for at elevar i den tidlegare Haugekrinsen kan søke skuleplass på Lonevåg for å få ei jamnare elevfordeling mellom Valestrand og Lonevåg

e) Utreie etablering av ein forsterka skuleavdeling i Lonevåg. Føremålet er å gje eit betre kvalitativt tilbod til elevar med omfattande og særskilde behov, og få til innsparingar og betre fagmiljø gjennom å samle ressurskrevjande tiltak på ein skule med ny og god bygningsmasse. Tilbodet skal vere søknadsbasert og frivillig. Etter opplæringslova har barn rett til å gå på nærskulen sin om dei ynskjer det. Det gjeld også barn med særskilde behov. Mange foreldre ynskjer imidlertid eit betre tilbod enn det som det er mogeleg å få til på kvar einskild skule. Ein del kommunar sikrar dette gjennom å opprette sentraliserte og forsterka skuleavdelingar.

f) Det er vanskeleg å få tak i nok pedagogar i skulen. For å sikre at vi beheld dei vi har og får tak i eit tilstrekkeleg tal nye, bør kommunedirektøren prøve å skjerme desse gruppene for merkantilt arbeid og arbeid som miljøarbeidarar kan gjere og prøve og få slike yrkesgrupper (fagarbeidar handel og kontor, miljøarbeidar/miljøterapeut, vernepleiar, pedagogiske assistentar) inn for å avlaste det pedagogiske personalet med oppgåver som ikkje er knytt til undervisning. Dette kan også spare lønnskostnader fordi det er rimelegare å tilsette fagarbeidarar enn å tilsette pedagogar.

g) Kommunedirektøren skal undersøke om vi kan få midlar til å opprette VTO-arbeidsplassar for tilsette som er i eller på veg ut i uføretrygd. Desse kan ha ein pedagogisk kompetanse som kan nyttast til å avlaste pedagogisk personalet og skule-/barnehageleiing. Også i helsesektoren kan det vere tilsette som har for dårleg helse til å stå i ordinært arbeid, men har ei restarbeidsevne og ressursar som kan kome til stor nytte der, samt avgrense behovet for nye, ordinære stillingsheimlar.

h) Barnehage bør så langt som råd skjermast frå kutt. Dette er ein hardt pressa sektor, som på trass av arbeidspresset har klart å halde sjukefråværet så vidt lågt som 4%. For dei 310520 kronene regjeringa har gitt for å styrke bemanninga i barnehagane, skal kommunedirektøren vurdere om dei kan nyttast til å opprette VTO-arbeidsplassar for tilsette i barnehagane som er på veg ut i, eller er komne i, uføretrygd. Mange av desse er

verdifulle ressursar og har ei restarbeidsevne dei kan ynskje å utnytte på sin gamle arbeidsplass, til glede og nytte både for seg sjølv og arbeidsgjevar.

i)Starte med å selje kommunale eigedommar som det ikkje er konkrete planar med for å få inntekter til investeringsbudsjettet, samt spare driftsutgifter med bygg og eigedommar som ikkje er i bruk. Det er dårleg forvaltning å ha ei stor ubrukt eigedomsportefølje. Det gjeld både for bygg og for kommunale landbruks-/skogeigedommar.

j)Avvikle/rekomunalisere Osterøy Utvikling AS. Prosessen skal søkast gjennomført som ein virksomhetsoverdragelse med det føremål å behalde dagleg leiar som næringskonsulent som skal sortere under sektor for samfunnsutvikling, for det tilfellet ho er interessert og motivert for ei slik ordning.

Votering:

Innstilling frå Formannskapet vart samrøystes vedteke.

Felles tilleggsframlegg frå Herdis Helle (Ap), Geir Olsen (Ap) og Frp: fikk 9 røyster for og 17 røyster mot.

Røyster for: Geir Olsen (AP), Herdis Helle (AP), Ann Helen Solberg (Frp), Ingunn Vedå (Frp), Kim Andre Hartveit (Frp), Ragnar J. Tyssebotn (Frp), Sigmund Arve Faugstad (Frp), Trygve Tønnessen (Frp), Roy Husebø (INP).

Røyster imot: Alexander Thunestvedt (AP), Ann Kristin Borge (AP), Johannes O Borge (H), Roald Martinsen (H), Sebastian Andre Haugland (H), Tor Georg Hella (H), Bjarte Hammer Aarland (KrF), Jarle Skeidsvoll (KrF), Frode Flesland (Sp), Gerd Karin Njaastad (Sp), Helge Valestrand Edvardsdal (Sp), Janne Daltveit Tveit (Sp), Johannes Haugland (Sp), Lars Fjeldstad (Sp), Turid Bjørndal Njåstad (Sp), Synne Thunestvedt (SV), Renathe Tangen (V).

Vedtak i Heradsstyret - 06.11.2025 av sak 105/2025 Økonomirapport 2.tertial 2025:

Økonomirapport pr. 2.tertial 2025 vert teken til vitande.

PS 106/25 1. gong handsaming detaljregulering planID 46302023003 - Haus Næringspark

Handsaming i Heradsstyret - 06.11.2025 av sak 106/2025 1. gong handsaming detaljregulering planID 46302023003 - Haus Næringspark:

Renathe Tangen (V) fremma følgjande forslag:

Saken blir utsatt til ny kommuneplan for Osterøy Kommune er vedtatt.

Innstilling frå Plan- og kommunalteknisk utval 22.10.2025:

Forlag til reguleringsplan for Haus Næringspark – planID 46302023003 med plankart datert 11.08.2025, føresegner datert 03.10.2025, planskildding datert 03.10.2025 – med tilhøyrande dokument vert lagt ut til høyring og offentleg ettersyn i medhald av plan og bygningslova §12-10. Planforslaget vart tilgjengeleg gjennom elektroniske media. Frist for å gi uttale og eventuelt fremme motsegn skal være minst seks veker.

Votering:

Utsetjingsframlegg frå Renathe Tangen (V) fekk 8 røyster for og 18 røyster mot.

Røyster for: Ann Helen Solberg (Frp), Ingunn Vedå (Frp), Kim Andre Hartveit (Frp), Ragnar J. Tyssebotn (Frp), Sigmund Arve Faugstad (Frp), Trygve Tønnessen (Frp), Roy Husebø (INP), Renathe Tangen (V).

Røyster mot: Alexander Thunestvedt (AP), Ann Kristin Borge (AP), Geir Olsen (AP), Herdis Helle (AP), Johannes O Borge (H), Roald Martinsen (H), Sebastian Andre Haugland (H), Tor Georg Hella (H), Bjarte Hammer Aarland (KrF), Jarle Skeidsvoll (KrF), Frode Flesland (Sp), Gerd Karin Njaastad (Sp), Helge Valestrand Edvardsdal (Sp), Janne Daltveit Tveit (Sp), Johannes Haugland (Sp), Lars Fjeldstad (Sp), Turid Bjørndal Njåstad (Sp), Synne Thunestvedt (SV).

Innstilling frå Plan- og kommunalteknisk utval vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Heradsstyret - 06.11.2025 av sak 106/2025 1. gong handsaming
detaljregulering planID 46302023003 - Haus Næringspark:

Forlag til reguleringsplan for Haus Næringspark – planID 46302023003 med plankart datert 11.08.2025, føresegner datert 03.10.2025, planskildring datert 03.10.2025 – med tilhøyrande dokument vert lagt ut til høyring og offentleg ettersyn i medhald av plan og bygningslova §12-10. Planforslaget vært tilgjengeleg gjennom elektroniske media. Frist for å gi uttale og eventuelt fremme motsegn skal være minst seks veker.

PS 107/25 Handsaming av tenesteavtale 12 mellom partane i Helsefellesskapet

Handsaming i Heradsstyret - 06.11.2025 av sak 107/2025 Handsaming av tenesteavtale 12 mellom partane i Helsefellesskapet:

Innstilling frå Levekårsutvalet 28.10.2025:

Kommunedirektøren tilrår å signere tenesteavtale 12.

Votering::

Innstilling frå Levekårsutvalet vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Heradsstyret - 06.11.2025 av sak 107/2025 Handsaming av tenesteavtale 12 mellom partane i Helsefellesskapet:

Kommunedirektøren tilrår å signere tenesteavtale 12.

PS 108/25 Avtale om tilskot til allmennyttige tiltak på Osterøy

Handsaming i Heradsstyret - 06.11.2025 av sak 108/2025 Avtale om tilskot til allmennyttige tiltak på Osterøy:

Sak PS 108 vart handsama som første sak.

Innstilling frå Formannskapet 29.10.2025

Avtale mellom Osterøy kommune og Eviny blir godkjent slik han ligg føre.

Kommunedirektøren kjem attende til formannskapet ila 1. kvartal 2026 med framlegg til statuttar for korleis Eviny-fondet skal forvaltast av kommunen.

Votering:

Innstilling frå Formannskapet vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Heradsstyret - 06.11.2025 av sak 108/2025 Avtale om tilskot til allmennyttige tiltak på Osterøy:

Avtale mellom Osterøy kommune og Eviny blir godkjent slik han ligg føre.

Kommunedirektøren kjem attende til formannskapet ila 1. kvartal 2026 med framlegg til statuttar for korleis Eviny-fondet skal forvaltast av kommunen.

PS 109/25 Andre saker/spørsmål

Handsaming i Heradsstyret - 06.11.2025 av sak 109/2025 Andre saker/spørsmål:

Vedtak i Heradsstyret - 06.11.2025 av sak 109/2025 Andre saker/spørsmål:

Det vert ikkje fatta noko vedtak i denne saka.

